

Hovudpunkt	Underspørsmål
Innleiing. Presentasjon av reklamen eller haldningskampanjen.	Kven er avsendar? Kva type reklame/kampanje er det? Når og kvar var han trykt? Kva vil reklamen oppnå? Selje/påverke/informere? Kven vender reklamen seg til? Vender reklamen seg direkte til eit du?
Beskriv heilskapen i reklamen. Kva ser du? Kva er blikkfang?	Korleis er layouten? Fotografi/teikning/måleri? Kva viser motivet? Korleis er produktlogoen plassert? Kva seier teksten? Linjer i reklamen: horisontale, vertikale, diagonale?
Beskriv bildet nærare.	Normalperspektiv/froskeperspektiv/fugleperspektiv? Bildeutsnitt: nærbilde eller totalbilde? Fargar eller svart-kvitt, primærfargar, varme/kalde fargar, kontrastar? Forgrunn/mellomgrunn/bakgrunn, kva er nært og kva er langt ifrå?
Tolk bildet. Korleis fungerer verkemidla i ein samanheng?	Kva karakterar er valde (kjendis, ungdom, eldre, jente/gut, dyr), og kva signaliserer karakteren/-ane? Kva verknad har dei vala som blir gjort når det gjeld bildet? Konnotasjonar, positive assosiasjonar? Appellerer bildet til kjensler eller fornuft?
Beskriv teksten i reklamen.	Kva slags tekst er det? Mykje/lite tekst? Kva informasjon får du om produktet? Kva seier overskrifta? Ordvalet: pluss- og minusord, dialekt? Språklege verkemiddel: metaforar, allusjonar, ordspel, allitterasjon/assonans, samanlikning, gjentaking, humor/ironi m.m.
Tolk teksten.  Ikonotekst.	Kva retoriske grep blir brukte? Etos (truverde), logos (fornuft) og/eller patos (kjensler)? Korleis er forholdet mellom teksten og bildet? Blir det brukt symbol?
Oppsummere. Vurdere effekt, konnotasjonar. Når reklamen/kampanjen fram til mottakaren?	Kva kjensler blir det spelt på? Kva grep blir gjort for å overtale deg? Dine eigne meiningar om reklamen.
Gode råd.	Pass på at du sjølv skriv ein samanhengande tekst, og ikkje ei punktvis liste. Vurder om du treng alle dei momenta som er lista opp her. Det viktigaste er at du tar utgangspunkt i den reklamen/kampanjen du skal analysere, og lar han styre tolkinga di. Du skal finne ut korleis reklamen din er bygd opp og fungerer, ikkje kva som ikkje er der.